

Nedstrand bygdemuseum

Vatland samlinga

Ommund Vatland var ein samlar. Han hadde særleg interesse for fortida. Gjennom mange år samla han gamle bruksting, reiskap, pynteting og møbler frå ulike miljø i Nedstrand og området rundt. Det var gjerne ting som ville blitt kasta. Ommund Vatland tok dei heim og bygde opp ei samling på løa si. Her opna han dørene for skuleklassar, tilreisande og alle som ville sjå.

Etter Ommund Vatland sin død i 1993, ga døtrene hans samlinga til Tysvær kommune. I dag kan ein sjå samlinga i det gamle ungdomshuset på Baustad. Utstillinga gir eit bilete av samlaren, hans interesse for fortida, for kvardagsslitet og strevet, men og for det finurlege, for raritetane.

Ommund Vatland var frå Vatlandsvåg. Her dreiv faren bøkerverkstad. Etter eit år på arbeidsskulen på Hjelmeland, arbeidde Ommund saman med far sin i verkstaden. Han tok fagbrev som bøkker og var godkjent av Norsk Justervesen til å laga kar for kjøp og sal.

Ommund Vatland gifta seg med Sanna Storhaug og flytta til Nedstrand. Her livnærte han seg som fruktdyrkar. I tillegg arbeidde som rørleggar og køyrde drosje. Etter ei tid bygde han opp bøkerverkstad i uthuset heime. Han laga tønner og kar for musealt bruk, og det var hans tønner som var med då "Anna Af Sand" seilte til Riga med sild i 1990.

Kirkebø-samlinga

Jon Kirkebø var tilsett som distriktslækjar i Nedstrand frå 1925 - 1949.

Distriktet var stort og omfatta Sandeid, Vikedal, Marvik, Jelsa, vestre del av Ombo og Nedstrand til Yrkje. Doktoren hadde faste kontordagar kvar plass i tillegg til at han reiste ut i sjukebesøk. Det var tungvindt å ta seg fram. Dagane vart lange, og ofte gjekk natta med før han kom seg heim att.

På Nedstrand var det stor doktorbustad der doktoren dreiv eit lite apotek og hadde kontoret sitt.

Heile kontoret til dr. Kirkebø med møbler, utstyr og fagbøker vart gitt av døtrene hans til Nedstrand bygdemuseum. I dag kan me sjå det utstilt i ungdomshuset på Baustad, akkurat slik det sto i den gamle doktorbustaden, med undersøkjelsesbenken, vekta og det heile.

Nedstrand Ungdomshus

Nedstrand Ungdomshus på Baustad vart bygd i 1913. Den gongen husa det Nedstrand Kristeleg Ungdomsforening som frå 1947 vart heitande Nedstrand Ungdomslag. I lokalet har det vore dansa og sunge, spelt spelstykkje og halde møter og basarar. Huset vart og nytta av losjeforeningane, Redningsselskapet, Hetland Kvinneforening, Nedstrand Songarlag, Bygdakinoen, Helselaget, Bondekvinnelaget, gute- og jentespeidaren og Prestegardsbasaren og andre.

I 1992 vart det bygd nytt bygdahus på Hinderåvåg og aktivitetane vart flytta dit. Det vart vedteke å bruka ungdomshuset på Baustad til utstillingslokale for samlingane. Huset vart sett i stand utvendig, og fargane inne vart ført tilbake til slik dei var i 1913.

Ved sida av å husa utstillingane, fortel huset om ein sert aktiv ungdomskultur frå kristent ungdomsarbeid til det meir frilynte. Det fortel om ei tid då folk gjekk "mann av huse" for å sjå dei lokale kjendisane spela Lars Anders og Jan Anders eller dansa fokeviseleik med presten.

